



Vertskap og gjester ved frukostbordet i føremiddag. Mariann og Tormod til høgre.

Brett Becklund (34) som bur i Boeingbyen Tacoma på Stillehavskysten har vore 3 dagar på Myklebust og funne røtene sine. Både han og kona Syrra Lee Becklund er svært takksame for den mottakinga dei har fått og beklagar at dei ikkje kan bli her lengre. EG FØLER MEG VERKELEG HEIME, SA BRETT FØR SLEKTSFERDA GJEKK VIDARE I FØREMIDDAG.

Dei fleste gode historiane i slekta knyttar seg til Uskedalen.

Å få komma hit er difor noko Brett har drøymt om heile livet og då det først skjedde kunne vitjinga ikkje ha vore meir vellukka. Han er imponert over naturen, garden, maten og omsorgen og beklagar at visitten ikkje kunne verta lengre. Men no har dei vore på reis rundt i Europa sidan i september. Dei har spara pengar lenge før dei kunne dra ut på denne ferda.

Paret har ikkje berre oppsøkt slektingar av Brett i Noreg og Sverige (der farsslekta hans kjem ifrå) men også vore innom Berlin, Tyrkia, Bulgaria, Serbia, Ungarn, Tsjekkia og Slovakia. No skal dei vitja fleire slektingar på Stord og i Bergen før ferda går attende. I Uskedalen møtte Brett slektingar også under ein visitt på SPAR. Ellers har dei vore oppover dalen og rundt i Rosendal.

Medan Syrrah er designar er Brett utdanna målar og i Uskedalen har han teke mange fotos som skal verta til måleri når han kjem heim. Der jobbar han i ein organisasjon som heiter Know Your City og kallar seg sjølv turorganisator. Han og kona møtte kvarandre på undergrunnsbanen i New York og det sa klink med ein gong, fortel dei.

Brett fortel stolt om Anna Myklebust, som var oldemora hans og systera til Tormods bestefar.. Ho vart fødd i Uskedalen i 1896 og vart 99 år gamal. Då ho var 21 emigerte ho til Amerika for å hjelpe broren Knut som budde i Rosalia i Washington hvor han drev butikk saman med broren Tormod.

Seinare flytta dei til Idaho hvor Anna også jobba i butikk og for ein rik familie, Der møtte hun sin mann John Raymond Tobiason. Dei flytta seinare til Tacoma der Anna mellom anna engasjerte seg i kristen verksemd. Mora til Brett, Julie, bur framleis i Tacoma. Ho har også vore eit år i Oslo. Det har i alle år vore tett samband mellom familiane her og i USA.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Brett og Syrrah foran slektgalleriet på Myklebust